

KYRKJEBLADE FOR ÅL



PILOTPROSJEKT OM KYRKJA I ÅL / ALLEHELGENSDAG - NO UTAN RESTRIKSJONAR!
MØT BIRGIT SØRBØEN OG RAGNHILD HAGEN / FLYKTNINGAR BAK PIGGTRÅDGJERDE

NR. 3 | 2022 | 63. ÅRGANG



Glede og moro på BUK 2022. Båt og fiske i Presttjern. Frå venstre Eira Kaslegard, Tormod Prestegard Opsata, Jonas Opsata, Gunhild Prestegard Opsata, Ellie Øygardslia og diakon Hilde Kirkebøen. Foto: Terje Olsen

Gled dykk alltid i Herren! Enda ein gong vil eg seia: Gled dykk!

Pilotprosjekt om kyrkja i Ål

Meir himmel på jord er Den norske kyrkja sin overordna visjon, og kyrkjemøtet har vedteke i alt ni strategiar for å nå denne visjonen.

Kyrkjemøtet vedtok i 2021 også følgjande: «*Helhetlig menighetsplan legger grunnlaget for strategisk utvikling av menighetsarbeidet i Den norske kirke. Kirkemøtet oppfordrer menighetsråd å ta metodikken i bruk.*

Kvífor skal kyrkja jobbe med planar og bruke ressursar på dette?

«Utan klåre mål er alle vegar like gode», seier eit gammalt ordtak. Om ein ikkje har gode planar, er det lett gamle vanar, innfallsmetoden eller den einskilde sine interesser som styrer. (Handbok for sokneråd og felles kyrkjelege fellesråd).

•••••
I KYRKJEPORTEN



Av kyrkjeverje
Trond Augunset

Utfordringane

Det store spørsmålet er korleis me skal bruke dei ressursane me har når me i tillegg veit at dei økonomiske ressursane er knappe.

Korleis skal me møte utfordingar som:

- Det er færre som vert døypt i kyrkja
- som konfirmerer seg i kyrkja og
- som giftar seg i kyrkja.

I Hallingdal er det ein auke i folketaket. Korleis skal kyrkja ta imot desse?

Kyrkja i Ål har søkt om å få vere pilot-kommune når det gjeld innføring i heilskapleg kyrkjelydsplan.

Kva er det ein heilskapleg kyrkjelydsplan skal hjelpe oss med? Fyrst og fremst er ein heilskapleg kyrkjelydsplan ein reiskap for å legge strategiar og gi grunnlag for å ta val.

Me treng difor å få eit oversyn: Det viktigaste er å få eit felles bilet av kyrkjelyden og lokalsamfunnet. Kva styrker og kva for utfordingar har me?

Kom med innspel

Me treng innspel frå ulike grupper om korleis dei opplever kyrkje og i kyrkja som ein del av lokalsamfunnet. Dette vil me spørje om i løpet av hausten/vinteren.

Me håpar at dette vil gje oss ein reiskap til å gjere gode prioriteringar i bruken av kyrkja sine ressursar, og at me med det kan utvikle kyrkja i Ål i åra som kjem.

Konfirmant i 2023

Nytt konfirmantår har så vidt teke til, og om lag 30 konfirmantar i Leveld, Torpo og Ål har byrja på konfirmantførebuingane, som leier fram til konfirmasjon neste vår.

Konfirmasjon er ikkje ein eksamen eller prøve, og samværa skal ikkje vere skule eller undervising. Men målsetjinga er at konfirmantane skal oppleve, delta i og få rom til å undraast over kyrkja si tru, sine tradisjonar og ritual, fellesskap og oppgåve.

Variert innhald, ulike samværsformer

Konfirmantåret har variert innhald og ulike samværsformer. Det er ettermiddagssamlinger i Ål kyrkje, det er felles måltid, det er gudstenestedeltaking i «di» kyrkje, det er WeekEnd/leir og konfirmantfestival der alle konfirmantar i heile Hallingdal møtest. I tillegg har alle ei teneste for nesten, både gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon og gjennom å delta på



Å vera konfirmant i kyrkja er å vera ein del av eit fellesskap! Foto: von/kyrkjerådet

diakonale oppgåver eller legge til rette for gode møteplassar for yngre born.

Opne spørsmål, nye tankar

Kyrkja har vel så mykje å lære av barn og unge som dei skal lære av oss. Vårt møte i, rundt og om det heilage, mysteria og vår felles menneskelegheit utfordrar unge og vaksne. Difor er rommet for opne spørsmål og nye tankar heilt avgjerande på samlingane.

Konfirmantar blir ikkje vaksne ein vårdag i slutten av 9. klasse. Men dei blir bedt for, stadfesta som del av eit stort Vi og lova å alltid ha ein stad å høre til. Det er med stor audijsjukheit og glede me tek til med nok eit nytt konfirmantår i kyrkja og håper alle som møter dei kappekledde medhjelparane i gudstenester framover til ta godt imot dei og støtte og heie på vegen. Vegen me alle deler.

Av sokneprest Geir Wiknes

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørboen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFSK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ingrid Finsådal Bakke | KYRKJEVERJE Trond Berthelsen Augunset | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito

KANTOR Audun Flæn | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen • Målfrid Bergaplass (vikar) | REINHALDAR Rezene Habtom

KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Kjærleiken – størst av alt

Eg helsar med Johannes 15, 9: «Som Far har elsa meg, har eg elsa dykk. Ver i min kjærleik», og frå vers 17: «Dette er det eg byd dykk: De skal elsa kvarandre!».

Den veksande kjærleiken

Kjærleiken veks når den vert delt. Den som tek imot Jesu kjærleik og gjev den vidare, haustar med glede og venskap. Ja, Johannes skriv i vers 13 at ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine. Ein open himmel vil då reise seg over livsvandringa!

Dei som lever i kjærleiken sitt samfunn med Jesus, kan verta samanlikna med eikene i hjulet. Sentrum i hjulet, navet, som ber det heile, er Jesus. Og frå navet går eikene ut mot sjølvé hjulet. Alle eikene spring saman i hjulet sitt midtpunkt, og får støtte der. Men kvar enkelt av eikene ber òg sin del

av hjulet. Jo nærare eikene kjem til navet, desto nærare kjem dei òg kvarandre. Då vert det eit attskin av Jesu kjærleik!

Elektrisk leidningsnett

Kjærleiken er som eit elektrisk leidningsnett. Frå Gud sjølv sin generator av nåde vert den ført til transformatoren Jesus. Han omdannar krafta frå Gud sin kjærleik til bruksstraum, som kan

– Den kjærleiken som vert delt, vert aldri fattig!

gje ljós og varme til menneska. Det er kun Jesus som kan ta imot og omforme

.....
ANDAKT



Av Tore Arnegard

den. Jesus gjev Gud si frelse eit menneskeleg andlet, og gjer det mogeleg å tåle kjærleiken sitt nærver. Den kjærleiken som vert delt, vert aldri fattig! Slik Jesus har bore oss fram, skal me bere kvarandre sine bører her på jord. Med dei gode gjerningane frå omtanken sitt bankande hjarta. Via kjærleiken sine hender. Til det lojale nærver og forsvar.

Vågar me å gje kjærleiken sitt såkorn høve til å spire og gro, i Gud sin frodige hage?

Så våre liv kan bera frukt? Rike frukter som varar, i storm og stille, og i alle slags kvardagar?

Allehelgensdag – utan restriksjonar!

Åra 2020, 2021 og deler av 2022 har vore sterkt prega av koronapandemien og restriksjonar på kor mange me har kunne vore saman. Også når nokon har gått bort. Det har vore vondt både for dei som ikkje kunne delta i gravferd, og for familiar som har måtte velje ut kven som fekk vere med å ta avskil med kjente og kjære.

Gravferda

er viktig når familie, vene og grannar døyrr. Me samlast, minnast, følgjer til grav eller biset for kremasjon. Me samlast etterpå og ét, seier nokre ord og helsar på andre som me kanskje ikkje har sett på ei stund. No er restriksjonane borte og me har igjen byrja å fylle kyrkjene i gravferder. Me står saman i avskil, sorg og takksemd over det gode som vart oss til del gjennom den som er gått bort.

Helgemessesundag,

også kjent som allehelgensdag, har lange tradisjonar. Dei fyrste kristne feira dødsdagen til martyrene som mista livet etter forfølging for si gudstru. Martyrar og helgenar har vore med å bygge kyrkja til det den er i dag. Men etter reformasjonen

vart det slutt på å be til og feire alle helgenane gjennom året. Dei var i staden førebilete for tru og liv. At me i dag har helgemesse første søndag i november, kom i 1770 og har utvikla seg til ein felles minnedag for dei me hadde kjær som ikkje lenger lever.

Kyrkjelydane minnest

Kwart år minnest kyrkjelydane alle som det er halde gravferd for sidan sist helgemesse. Namna blir lese opp og det blir tent lys, samstundes som fokuset også er retta mot håpet og takksemda for det gode me fekk. Alle har ulike kjensler ein slik dag, og det vil vere ulik avstand til den gravferda me kjenner prega oss mest den siste tida. Då kan det vere godt å samlast, møte andre og vite at det er ingen som må vere åleine om sorg, uro eller sakn.

I år kan mange ha ynskje og behov for å kome til kyrkje og kyrkjegard helgemesesundagen. Kyrkjene våre er rommelege, så ver velkomne, alle! De som har hatt gravferd sidan sist vil få brev i posten.

Helsing sokneprest Geir Wiknes

Gudstenestene 6. november:
Sjå side 7.



Kyrkjer og kyrkjegarden på Torpo.
Foto: Birger Bolstad

Nytt frå kyrkja i Ål?

Følg med på nettsida til Ål kyrklege fellesråd, eller les Hallingdølen.

BUK 2022: LIV OG RØRE



Tre jenter i kvite skulekleder. Ragnhild Økland Slettemoen, Louis Brunner Rundhøyde og Wilma Aamot-Bekkestad (i bakgrunnen).



Så moro å spikke! Herman Tufto Medgard (f.v.), Herman Dalby Roen, Noah Svanåsen Joranger og Lars Jorde.

Å starte sommarferien med tre dagars BUK er ei stor glede og ein fin tradisjon i kyrkja på Ål. 62 born var dette året med på å skape liv og røre i og rundt kyrkja, ved Hesttjern, Strandafjorden og Frisbeegolfbanen, på Bråta, museet og langs vegen i Ål.



Stor aktivitet på museet. Å hesja er ein kunst!

Tormod Prestegard Opsata viser stolt fram kniven.



Dra garn og fiske med stang. Grille fisk. Gøyme seg og verte funnen av redningshund, Frisbeegolf, sykkel og fotball. Dekorere putetrekk og lage «uro» til å henge i vindauge. Sykle langs Strandafjorden og vasse til over knea. Hesjing, spikking og gammal skuletime. Tur med hest og kjerre, varme lappar og rabarbra med sukker – og ikkje minst konsert for foreldre og andre fredag der me fekk presentert songane me har lært i løpet av dagane saman.

På ulike vis fekk me gjennom forteljingar, song og fellesskap lære meir om og praktisere «Håp» og vennskap.

Takk til alle vaksne; foreldre, besteforeldre og andre frivillige som var med og bar desse gode dagane.

Av Ingvild Kringlebotten Stautland (tekst) og Terje Olsen, Hilde Kirkebøen m.fl. (foto)



Arnhild Kopperdal, undervisningsleiar ved Hallingdal museum, orienterer.



Glade hundar og born og vaksne. Sportrenings med redningshund saman med Terje Olsen frå Norske Redningshunder også i år.

Unge kristne før og under krigen

Korleis var det eigentleg å vera barn og ungdom på 1930- og 40-talet? Det er fleire gamle i kyrkjelyden vår som hugsar godt korleis det var. Her møter du to av dei, Ragnhild Hagen og Birgit Sørboen.

Ragnhild Hagen er fødd i Leveld i 1925, men bur no på Prestegardsjordet. Birgit Sørboen (f.Roen) er fødd i 1924, og har budd i Liagardane heile livet. Begge to bur fortsatt i eigne hus der dei blant anna lagar mat, les, driv med handarbeid og steller i huset.

Møtte kronprinsesse Martha

-Korleis var det kristne barne og ungdomsarbeidet i Leveld då du var barn og ungdom, spør eg Ragnhild.

- Eg var med i speidaren som hadde starta i Vats før, det var Turi og Margit Thon og Gudrun Havarsgard Randen som var leiarar for oss jentespeidarane. Me var 18 jenter, og gutane var om lag like mange. Det var Nils Bergaplass som var leiar for gutane. Der lærte me knutar og fyrstehjelp, og me var på fjellturar. Og tenk, ein god del av oss var på busstur til Oslo der me budde på Hersleb skule.

Bussturen starta kl.5 den 5. november 1938 og kosta heile 5 kroner som var svært mykje pengar. Ola Randen var sjåfør. Det hadde vore ei samling som heitte «Vi kan» i Oslo i 1937, og no kom KFUK/M speidarene med oppfølgjaren «Vi kan også», og tru det eller ei, eg har «tavla» hengande nede i kjellaren enno! Denne tavla var ei levande reklame for Nordbygdene og Hallingdal. Me møtte og kronprinsesse Marta der, ei stor oppleveling for ei Leveld-jente. Patruljen vår heitte «Mose». Eg likte meg godt i speidaren, men under krigen vart det forbode med speidaren, for ingen barne- og ungdomsorganisasjonar med uniform var lov då.

Men sundagsskule var det, det var Jørand Kyrkjedeld som var sundagsskulelærar, og dei fleste ungar i bygda var med.



To sterke kvinner som hugsar godt barne- og ungdomstida på 1930- og 40-talet, Birgit Sørboen (t.v.) og Ragnhild Hagen.

Vekkingar på 30-talet

Det kristne ungdomsarbeidet var aktivt då det var vekkingar på 1930-talet, Jon Tveitehaug og Knut Torsteinsrud hadde gått på bibelskule i Staffelsgate som Normisjonen fortsatt har (heitte Indremisjonen før). Det kom fleire emissærar til bygdene våre den tida, og det var mykje møteverksemnd.

Me hadde samlingar på Leveld skule, og me var på samling for heile Hallingdal på Evjens Minne. Då låg me jentene på Solhov og gutane på Kaffistugu. Me reiste og på busstur til Gjennestad og Tomb skular våren 1949, heile 3 bussar køyrdé då frå Hallingdal med kristne ungdomar. Det var ei fin og spanande helg der me trefte andre kristne ungdomar og opplevde våren andre stader enn Hallingdal.

I 1941 «gjekk eg for presten», eg hadde prest Øye. Eg synest det var eit veldig fint år, me lærte mange fine salmar, og me gjekk gjennom Matteusevangeliet. Me var 22 konfirmantar frå Leveld og Vats dette krigsåret. Dei fleste hadde bunader og nokre kjolar.

Stor aktivitet

-Korleis var det kristne barne og ungdomsarbeidet i Sando då du vaks opp, Birgit?

-Nesten alle gjikk på sundagsskulen, og me gjikk i mange år. So var det Yngres, og so var det året då me «gikk for presten», eg hadde og presten Øye. Me gjikk ei gong i veka heile året, og me lærte mange fine salmar som eg fortsatt hugsar. På konfirmasjonsdagen hugsar eg at me fekk middag hjå morsyster mi på Sundre.

I Sando var det ingen speidar, men Birgit, Kristi og Margit Tormodsgard, og Margit Medgard var derimot med i songkor i mange år. Guri Gullhagen spelte gitar, og dei song rundt omkring i bygda. Det var store songarstemne rundt i dalen, og det var mykje møteverksemnd og vekking på bedehusa. Det var sokalla «bibelveker» under krigen, og mange unge tok mot Jesus. Det var og vanleg med mange husmøte i Liagardane, det kom fleire emissærar frå Buskerud. I Liagardane stod og Blåkors sterkt, eit hus tilhøyrande Borgine og Ola Tormodsgard vart kalla «Blåkorsstugu», der var det ofte påskeleirar og sumaropphald for nokre byfamiliar.

Både Birgit og Ragnhild er fortsatt aktive i kristent misjonsarbeid, og begge høyrer på gudstenesta på radio viss dei ikkje kjem seg i kyrkja.

Den gode salmen

Ein fin salme som dei begge to hugsar godt frå konfirmanttida, er salme nr.422, skriven av Ole Teodor Moe i 1904:
«Jesus, det eneste, helligste reneste, navn som på menneskelepper er lagt! Fylde av herlighet, fylde av kjørlighet, fylde av nåde og sannhet og makt.»

Sjølv eg eg takksam for å kjenne slike fine gamle kristne som har noko å lære oss andre om både livet og trua, og som har hatt kristentrua med seg som ein heilt naturleg del i liva sine.

Av Liv Margit Sørboen (tekst og foto)

Diakon Hilde Kirkebøen i Ålb besøkte tidlegare i år flyktningar i Bosnia. Ho fortalte om denne turen også under Olavsfestdagane i Trondheim. Her skriv ho om sine opplevelsar:



Flyktningar bak piggtrådgjerde

Dagens Europa er eit kontinent med høge murar og piggtrådgjerde. Mange står fast i flyktingeleirar ved Europas yttergrense og virkeligheita til folk på flukt har blitt stadig tøffare. Avstanden mellom oss på innsida og dei på utsida er større enn før, og vi må innsjå at vi ikkje har klart å oppretthalde våre humanitære verdiar. Finst det håp når det er murar som skiller oss?

«Walk of Shame» handlar om å vere eit medmenneske for folk som står fast på Europas yttergrense. Vi skammar oss over vår eigen asyl- og flyktningepolitikk, som ikkje gir folk høve til å söke asyl, når det er ein menneskerett.

Besøkte flyktningar

Walk of shame er initiativ frå enkelt-personar, det er livssynsoppe. I februar fekk eg og diakon Signe Myklebust frå Drammen vere med og besøke flyktningar ved Europas yttergrenser. Vi besøkte folk som bur i telt og i nedlagte hus, folk som lever i skjul fordi dei ikkje har lovleg opphold. Og slik har det vore dei siste dagane og vekene, og månадane går, blir til år. Dei kjem frå Asia eller Afrika, har reist gjennom Tyrkia og Hellas, Bosnia er siste skanse før Europa. Det er usikkert på alle kantar. Du får kanskje noko hjelp med mat, ved, basisbehov frå lokale organisasjonar og privatpersonar.

Det var smertefullt å vere så tett på dehumaniseringa rett utanfor våre grenser, men det var opploftande å sjå all menneskelegheit, omsorg og gjestfri-drom frå lokale folk i Bosnia som prøver å hjelpe, og frå flyktningane vi besøkjer. Eg trur den største erfaringa av håp var opplevinga av vennskap på tvers av grenser og skiljelinjer, ein kontakt som framleis varer. Trass korte møte vart det ei sterk kjensle av nærheit og fellesskap

gjennom måltid, prat, musikk, latter, historier.

Takksam og gjestfri

Rikko, ein prest frå Nederland og ein av initiativtakarane til Walk of shame, vart invitert til å sove i telt ei natt. Han fortalte etterpå at den ekstreme gjestfridomen var rørende. Dei ga han det beste teltet, fylte det med puter og tepper og fekk det til å sjå veldig fint ut. Dei lagde god mat og tilbrakte natta med å snakke, utveksle familiehistorier.

Det slo meg at det er ein stor samanheng mellom takknemlegheit og gavmildheit, rausheit. Dei var takksame for veldig lite, og gav rikeleg at det vesle dei hadde. Når vi gløymer å takke og gløymer at alt er gaver, er det lett å bli grådige og gjerrige.

Sjå enkeltmennmesket

Eit anna aspekt ved håp er det å sjå enkeltmenneske. Identifisere den enkelte, som eit menneske, med rett til menneskeleg status. Og det å behandle personar som sjølvstendige, som individ, ikkje som ein masse.

Frå alle vi møtte høyrde vi om «the game» og «pushbacks». The game er flukta/grensekryssinga inn i Europa, som foregår ved hjelp av menneskesmuglarar. Vi kjenner ikkje alle detaljane: å gå i fjellet i dagevis eller i kombinasjon med å gå/bli frakta av lastebil eller med taxi.

Jo høgare pris jo mindre tøff rute. Sjansen for pushbacks, å bli oppdaga av politi eller grensevakter og ført tilbake, er stor. Mange fortel at dei har opplevd det ti gonger eller meir. Det kostar mange krefter. Ofte har dei også opplevd å bli fråtatt det dei står og går i, og også blitt utsett for vald. Ikkje lenge før vi var der vart valden frå kroatisk grensepoliti avslørt i media, valden har gått drastisk ned etterpå. Men vi veit ikkje kva som skjer når søkerlyset frå media forsvinn igjen.

La oss jobbe saman!

Ein setning av Lilla Watson, ein australsk menneskerettsforkjempar, vart viktig: Dersom du har kome hit for å hjelpe meg, kastar du bort tida. Men dersom du har kome fordi di frigjering er forbunde med mi, la oss jobbe saman.

Det ligg ein fridom i det å ta seg sjølv og den verda ein er ein del av, på alvor. Å observere alt på avstand - og scrolla forbi ubehageleg informasjon - gir ein falsk fridom. Same kor høge murar me klarar å bygge, mentalt og fysisk, ligg den ubehagelege sanninga der.

Like utanfor våre grenser er det folk som lever i årevis i ein umenneskeleg tilstand.

**Av Hilde Kirkebøen (tekst)
og Signe Myklebust (foto)**

VI GÅR I KYRKJA

SEPTEMBER

11.09.2022 Matt 19,27-30

Leveld kyrkje 11:00
Konfirmantpresentasjon

18.09.2022 Joh 15,9-12

Torpo kyrkje 11:00

25.09.2022 Matt 11,16-19

Ål kyrkje 11:00
Misjonshelg

OKTOBER

02.10.2022 Mark 5,35-43

Vats fjellkyrkje 11:00

09.10.2022 Mark 1,40-45

Ål kyrkje 11:00

16.10.2022 Luk 9,57-62

Leveld kyrkje 11:00

23.10.2022 Matt 18,1-11

Ål kyrkje 11:00
Folkemusikkmesse.
TV-aksjon

30.10.2022 Luk 15,11-32

Torpo kyrkje 11:00

NOVEMBER

06.11.2022 Luk 6,20-23

Torpo kyrkje 11:00
Leveld kyrkje 11:00
Ål kyrkje 17:00

13.11.2022 Matt 24,35-44

Leveld kyrkje 11:00

20.11.2022 Joh 9,39-41

Ål kyrkje 11:00
Folkemusikkmesse
med Early Voices

27.11.2022 Matt 21,1-11

Ål kyrkje 11:00
Torpo kyrkje 18:00

30.11.2022 Matt 21,1-11

Ål kyrkje 18:30
Kveldsgudsteneste

DESEMBER

04.12.2022 Joh 14,1-4

Leveld kyrkje 11:00

07.12.2022 Joh 14,1-4

Ål kyrkje 18:30
Kveldsgudsteneste

11.12.2022 Matt 11,2-11

Ål kyrkje 11:00

DØYPTE

Ål

29.05.2022	Tuva Gilen Nestegard
29.05.2022	Linnea Tveito Castillo
29.05.2022	Silas Tolpinrud Lid
05.06.2022	Sofie Hovdegard
26.06.2022	Olliver Solheim Weggersen
17.07.2022	William Bakken-Sandåker
31.07.2022	Tiril Elvira Haug Stavn
31.07.2022	Ellinor Stømmen Sørboen

Torpo

26.05.2022	Henry Storlien
------------	----------------

VIGDE

Ål

19.03.2022	Mari Stølen og Anders Berge
26.06.2022	Liv Borghild Nestegard og Gunnleiv Hellings
09.07.2022	Ingvild Tveit og Johannes Willhelm Rønnevig
09.07.2022	Vilde Hovland og Martin Grøgaard

Torpo

06.08.2022	Marie Asprusten og Sigurd Jordet
------------	----------------------------------

DØDE

Ål

09.05.2022	Arne Thune	f.:1929
24.06.2022	Arne Oddvar Øyre	f.:1949
19.06.2022	Sandra Viktoria	
	Trøan Malkenes	f.:1997
19.06.2022	Klara Elise Hansen	f.:1961
23.06.2022	Ågot E.Skrindo	f.:1930
30.06.2022	Eirik Bråten	f.:1955
02.07.2022	Arne H.Bøygard	f.:1936
16.07.2022	Kjell Vidar Bergo	f.:1950
17.07.2022	Håkon Medgard	f.:1946
18.07.2022	Oddmund T.Haug	f.:1928
31.07.2022	Anna Ragnhild Skarsbø	f.:1942
01.08.2022	Sigbjørn Tormodsgard	f.:1944
01.08.2022	Ingar Willy Johansson	f.:1945
07.08.2022	Aslaug Brattåker	f.:1943

Torpo

07.05.2022	Birger Haugen	f.:1957
17.05.2022	Stein Halvor Haugo	f.:1997
12.06.2022	Ola O Svensgård	f.:1948
18.06.2022	Kåre Einar Bøhn	f.:1956
29.07.2022	Gerd Bråten	f.:1937

Leveld

07.05.2022	Knut S Torsteinsrud	f.:1937
12.05.2022	Nils Kristian Andersen	f.:1947
24.07.2022	Lars Kaslegard	f.:1943
25.07.2022	Ruth Trintrud	f.:1934

Sorggruppe

Startar opp i Ål kyrkje i november.

Døden kan kome brått, andre gonger meir venta. Men å miste nokon i nær relasjon vekkjer tankar og kjensler hjå oss. Å setje ord på dette kan vere til hjelp. Dette er ei gruppe der me kjem saman for å gje rom for sorga, støtte og hjelpe kvarandre. Leiarane og deltararane har teieplikt. Ein bestemme sjølv kva ein vil dele i gruppa.

Det vil vere ei enkel samtaleform rundt ein kopp kaffe og te. Me tek utgangspunkt i aktuelle tema og tema som deltakarane i gruppa ynskjer å ta opp. Alle får høve til å snakke om sine opplevingar.

På fyrste samling bestemmer me møtedagar og tidspunkt for samlingane framover.

Påmelding til kyrkjekontoret: 32 08 61 61 eller til diakon 913 42 998 (ring også om du har spørsmål, eller ynskjer ei samtale/besøk.) Dersom det blir færre enn 4 påmeldte vert det ikkje gruppe.

Hilde Kirkebøen, diakon
Målfrid Bergaplass, diakon

Formiddagstreff

Ål kyrkestugu kl. 11-13

Onsdag 5. oktober:

Tema v/ Olav Oppsato:
«Gamle dagar på Sundre»
Andakt: Bente Sletten

Onsdag 2. november:

Tema v/ Inger Margrethe Medhus:
«Gamle kyrkjevegen og gamlekyrkja i Hol»
Andakt: Vigdis Moen Storhaug

Onsdag 7. desember

Tema v/ Thor Warberg
Andakt: Aslaug Holeplass

Vats bedehus kl. 12-14

Onsdag 28. september
Tema v/ Målfrid Bergaplass: «Kirkens SOS»
Andakt: Målfrid Bergaplass

Onsdag 26. oktober: Haustfest

Tema v/ Øystein Lappgard:
«Helsetenestene i Ål på 1940- og 50 talet»
Musikk: Kristine Kapperud og Oddvar Myro

Onsdag 30. november

Tema v/ Inger Margrethe Medhus:
«Gamle kyrkjevegen og gamlekyrkja i Hol»
Andakt: Ingri Finsådal Bakke

Treffa er for alle som er ledige på dagtid.
Det blir servert påsmurt mat, kaffe og kaker.
Kollekt til diakoninemnda som er med på å dekke utgiftene.

Velkommen!

Misjonshelg i Ål

Misjonshelga blir 23. – 25. september.

Fredagskvelden kl. 19 er alle velkomne til Leveld skule og laurdag kl. 12 til Misjonsheimen på Torpo. Generalsekretær i Det Norske Misjonsselskap, Helge Gaard, deltek i gudstenesta i Ål kyrje sundag. Kyrkjelyden samlar inn pengar til misjonsprosjekt på Madagaskar.

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut 1. desember.



Framme frå venstre: Kristianne Haug Grønnerød, Ingrid Sofie Ådnegard, kyrkjelydspedagog Ingvild Kringlebotten Stautland, sokneprest Geir Wiknes, Mari Sandelien, Thea Nordheim-Moljord, Marthe Aarsnes Brattegard
 2. rekke: Carina Skrindo, diakon Hilde Kirkebøen, Emma Fingarsen
 3. rekke: Julianne Sofia Aasli Moen, Angelika Lappgard, Eric Alvar Leonard Carlbom, Eirik Østro Slætten, Erlend Karterud, Vetle Åsegård Kaspersen,

Kristian Østro Slætten, Tøri Medgard Skår, Tuva Ølmheim Sønnesyn
 4. rekke: Tumaini Ishara, Eivind Brattåker Skåre, Nils Ola Kolbjørnsgard, Håvard Vestenfor, Gjermund Stræte Lie, Åmund Arnegard,
 5. rekke: Mikkel Veslegard, Knut Saue Helling, Håkon Svensgård, Roger Stølen, Syver Brattabø Torgersen

Foto: Ole Johs. Brye



Dei var konfirmantar i 1972

1. rekke (fremst) frå venstre: Synnøve Haugen Westheim, Torhild Helling Bergaplass, Liv Margit Sørboen, Grethe Sollien, Bjørg Marie Stave, Tone Bråten Rekve, Anne Berit T. Gunhildgard. **2. rekke:** Olaug Grønna, Jorun Evjen, Bente Ågotnes, Dyrunn Opheim Bråthen, Kari Brye.
3. rekke: Randi Ruud, Dagfrid T. Ødegård, Berit B Liorden, Gerd Sveinhaug, Gerd Solveig Bjella. **4. rekke:** Unni Lynam, Gerd Kristin Rimehaug, Signe Bolstad Lilleseth, Kari Strand, Tone Vindegg. **5. rekke:** Gunvor Berg Listhaug, Sigmund Tveitehaugen, Olav Haugo, Gerd Sollien Arnegard.
6. rekke: Ove Thorshaug, Embrik Skarsgård, Knut Kristian Teigen, Bjørn Tor Svoldal, Margit Jordet. **7. rekke:** Stein Inge Teigen, Arnfinn Breie, Sigurd Bjørnestad, Sigbjørn Grøthe, Per Egil Kolsrud.

Foto: Leif Otto Listhaug

Etter skuletid

Startar opp igjen første måndag i september.
 Me møtest kvar måndag kl. 14–15.30 i Ål kyrkjestugu.
 Etter skuletid er for aldersgruppa 4.–7. trinn.
 Innhold: Ein liten matbit, leksehjelp, aktivitetar og leik.